



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 18.08.2014

Sak nr.: 14/3846-4

Internt l.nr.: 25577/14

Sak: 90/14

Tittel: NRK-plakaten - høyring

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK-plakaten må leggje til rette for ressurssterke distriktskontor. Distriktskontora må også kunne ha sjølvstendige oppgåver som innhaldsprodusentar, noko som vil vere med på å utvikle NRK-tilbodet i breidde og variasjon.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.

Endringsframlegg:

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4 i staden for punkt 4 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.

Framstegspartiet sette fram slik framlegg til nytt punkt:

NRK-plakataten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet, og må være forsiktige med å publisere journalistisk produksjon frå lokale og regionale medier som er avhengige av inntekter på sin produksjon.

Avrøysting:

Punkta 1, 2, 3, 5 og 6 i fylkesrådmannen si tilråding vart samrøystes vedtekne. Ingen røysta for punkt 4 i fylkesrådmannen si tilråding.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Første del av framlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Noralv Distad, Frank Willy Djuvik og Marit Barsnes Krogsæter røysta for andre del av framlegget frå Framstegspartiet. Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Karen Marie Hjelmeseter og Trude Brosvik røysta mot.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser på NRK-plakaten som godt eigna til å formidle overordna krav og forventningar til NRK sitt allmennkringkastingstilbod og NRK sitt samfunnsoppdrag.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar opp om eit sterkt og uavhengig NRK som allmennkringkastar som når alle innbyggjarane i landet med eit breitt mandat og variert tilbod innan radio, fjernsyn og internett.
3. Dagens §13 i NRK-plakaten må omformast til «NRKs hovedkanaler for radio, fjernsyn og internett skal være tilgjengelige for hele befolkningen». Aktiv breibandutbygging må til for å sikre dette.
4. NRK plakaten må legge til rette for velfungerande og sterke distriktskontor. Distriktskontora må oppretthaldast og vidareutviklast og ha sjølvstendige oppgåver.
5. NRK si rolle i beredskapssamanheng må også vektleggast når det gjeld å halde oppe og utvikle distriktskontor med produksjonskapasitet.
6. Kravet om minst 25% av innhaldet på nynorsk må stå ved lag, og gjelde uavhengig av plattform.
7. NRK-plakataten må i større grad synleggjere at NRK har eit særskilt ansvar for å sikre mediemangfaldet.